

Saksbehandlar: Jon Tvilde  
Sak nr.: 20/9474-21

## Retningsliner for kulturmidlar - endeleg handsaming

Rådmannen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding til kommunestyret om å gjera slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek retningsliner for kulturmidlar slik dei ligg føre i saka.
2. Kommunestyret ber komité for samfunnsutvikling om å vurdere om det er behov for ei revidering av retningslinene etter andre gongs tildeling av kulturmidlar i 2021.
3. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp desse punkta:
  - Velferdstinget gjer framlegg om det skal utarbeidast ei studentmelding. Kommunestyret ynskjer ei sak om dette framlegget. I den saka må det vurderast om studentaktivitet kan søkje kommunale kulturmidlar.
  - Innan utgangen av 2021 må rådmannen inngå avtalar med faste tilskotsmottkarar av kulturmillar. Dette gjeld pr. d.d. Balejazz, Bokbyen, Bygdekinoen i Balestrand og Fjellsporfestivalen.
4. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp andre innspel til retningslinene slik dei er samla i framlegg til vedtak i sak om frivilligpolitisk plattform

### Vedlegg:

1. Utvalet sitt framlegg til retningsliner for kulturmidlar
2. Oversyn innkomne uttalar med merknader frå utvalet
3. Høyingsutkast retningsliner for kulturmidlar

---

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Saka omhandlar nye felles retningsliner for kulturmidlar. Retningslinene får no fleire søknadskategoriar og felles vilkår for å kunne søkja slike tilskot.

Framlegg til retningsliner har vore ute på høyring. Det kom inn 17 uttalar til høyringsutkastet. Desse vert gjennomgått i saka. Langt på veg har utvalet som har stått for arbeidet, innarbeidd innkomne merknader i endeleg framlegg til retningsliner. Alle 17 innspel med utvalet sin merknader følgjer saka (vedlegg 2).

Nokre innspel skal det arbeidast vidare med, og der rådmannen kjem tilbake med desse i eigne saker. Fleire av desse tiltaka vert fanga opp i sak om frivilligpolitisk plattform. Dette gjeld m.a. sak om retningsliner for lån og leige av kommunale lokale til lag, organisasjonar og eigenorganisert aktivitet, ev. tilbod om felles forsikringsordning for sjølveigde lagsdrivne hus og ei ev. eige stønadsordning for kor og korps som kjøper dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule

Denne saka må såleis sjåast i samanheng med sak om frivilligpolitisk plattform.

### 2. Bakgrunn for saka

#### 2.1 Mandat

Kommunestyret vedtok 19.12.2019 i sak 64/19 – «Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023» m.a. følgjande utgreiing (pkt. 6c):

*«Sogndal kommune skal, saman med frivillige lag, organisasjonar, frivilligsentralane og andre innehalde mål, strategiar og tiltak for korleis kommunen kan legge best mogeleg til rette for frivillig arbeid, og korleis kommune og frivilligheit vil samhandle framover.*

*Plattformen skal i tillegg:*

- *Inneheld kriterium for økonomiske støtteordningar*
- *Ivareta særprega i dei ulike delane av kommunen*
- *Vurdere kopling til andre kommunale planar, som t.d. Plan for nærings- og samfunnsutvikling»*

## 2.2 Utval og arbeid med retningslinene.

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak valde komité for samfunnsutvikling i møte 21.01.2020, sak: 5/20, eit utval med 3 politikarar til å stå for arbeidet:

*«For å utarbeide ein frivillig politisk plattform set komité for samfunnsutvikling ned eit utval med slik samansetjing: Tore Feten, Eivind Dahl, Laila Njøs Eikeland.»*

Utvalet har i samsvar med mandatet gjennomført ei grundig involvering. 15. juni 2020 hadde utvalet eit innleiande møte med leiarane i ulike råd. På bakgrunn av innspel i det møtet vart det utarbeidd eit første utkast til retningslinjer. Utkastet vart sendt råda for innspel. På bakgrunn av denne innspelsrunden utarbeidde utvalet eit endeleg høyringsutkast. Utkastet følgjer som vedlegg 3.

## 2.3 Høyring - innkome merknader

Utkastet til retningslinjer for kulturmidlar vart sendt på høyring 22. oktober. Uttalefrist var 20. november. Det kom inn 17 uttalar. Alle desse er referert i vedlegg 2. Her kjem òg utvalet sine kommentarar fram.

## 2.4 Om retningslinene

Med desse nye retningslinjer for kulturmidlar får kommunen felles rammevilkår for kulturmidlar. Utvalet har henta det beste frå det som gjaldt i dei tre gamle kommunane. Samstundes er noko nytt.

For ordens skuld kjem ein kort presentasjon:

- *Innleiingsvis vert måla med kvifor kommunen tildeler kulturmidlar omtalt.*
- *Felles vilkår for å søkja kulturtilskot frå Sogndal kommune:*

Retningslinene listar opp felles vilkår for å søkja kulturtilskot frå Sogndal kommune. Nokre av desse vilkåra har det vore ulikt syn på. Dette kjem fram nedanfor under vurdering:

  - *Søkjaren må vera ein organisasjon, eit lag eller ein einskildperson med base i Sogndal kommune, eventuelt må tiltaket søknaden omhandlar, gjennomførast heilt eller delvis i kommunen.*
  - *Om søkjaren er eit lag eller ein organisasjon, skal laget eller organisasjonen vera registrert i kommunen sitt register over frivillige lag og organisasjonar. Det er søkjaren si plikt å halda informasjonen i registeret oppdatert.*
  - *Det er òg ynskjeleg, men ikkje eit krav, å vera registrert i einingsregisteret.*
  - *Alle som søker om tilskot innan kategori 1, må ha eit medlemsregister og kunna dokumentera tal medlemmar over og under 18 år.*
  - *Gjeld søknaden ein aktivitet, er søkjaren plikta til å registrera denne i kommunen sin aktivitetskalender.*
  - *Kommunen gir ikkje tilskot til utstyr for bruk i næringsverksemd.*
  - *Eit eventuelt tilskot må kunngjerast i til dømes årsmelding eller på annan måte .*
  - *Alle søknadar må kunna dokumenterast, dvs. søkjaren må kunna leggja fram rekneskap og dokumentera medlemstal der dette er relevant.*
- *Tilskota vert no delt i fem ulike stønadsordningar*
  - 1. Kultur- og aktivitetstilbod for barn og unge
    - Her inngår òg idrett og friluftsliv, innanfor det som vert rekna som eit utvida kulturomgrep
  - 2. Allment kulturarbeid
    - Alle anna lagsarbeid som ikkje vert handsama i kategorien over, vert handsama her.
  - 3. Kulturarrangement og -prosjekt
    - Det vert no ein eigen kategori for tilskot til arrangement, aktivitetsdagar o.a.
    - Til denne kategorien er det nokre vilkår
  - 4. Vedlikehald/oppgradering av forsamlingshus/bygdahus
    - Desse husa er av stor verdi. No kan huseigar søkje om tilskot til vedlikehald og oppgradering, t.d. for å fremja universell utforming
  - 5. Kulturminne/kulturarv

- Denne tilskotsordninga skal stimulera til tiltak som tek vare på eller forvaltar det lokale kulturmiljøet eller kulturarven, som bygningar og ikkje-materielle kulturminne.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Rådmannen kommenterer her nokre vilkår eller punkt der det har kome merknader til. I tillegg vert det synt til utvalet sine merknader i vedlegg 2.

#### **3.1 Registrering i einingsregisteret, og anna registrering**

I framlegget til retningsliner vart denne problemstillinga reist:

*«Utvalet ynskjer synspunkt på om det vert opplevd som greitt at det skal stillast krav om registrering i enhetsregister og/eller frivilligregister for å søkja tilskot.»*

Det kom mange merknader til dette punktet. Nokre lag synest slik registrering er eit naturleg krav. Andre er sterkt imot. Fleire små lag peikar på at det er krevjande å drive aktivitet. Det er òg tydeleg at mange opplever det vanskeleg å registrere seg i einingsregisteret. Her kan vi håpe det kjem ei endring: Digdir driv eit utviklingsprosjekt, der eit av prosjekta omhandlar å forenkle prosessen med å starte og drive ein frivillig organisasjon.

Utvalet sin konklusjon er at det ikkje vert stilt krav om slik registrering. Retningslinene seier at kommunen skal oppmoda om- og hjelpe til med registrering i einingsregisteret. Dette fordi slik registrering har mange føremoner. M.a. er det krav om slik registrering for å søkje ulike støtteordningar. Slik registrering er òg eitt vilkår for å kunne oppretta bankkonto i laget sitt namn.

Det er derimot allmenn semje om at det skal vera eit kommunalt register med oversyn over lag og organisasjonar, kopla til ein aktivitetsskalendar. Her er det søkjaren si plikt å halda informasjonen i registeret oppdatert.

#### **3.2 Felles forsikringsordning og utleigeportal**

Ei anna problemstilling som vart reist i høyringsrunden:

*«Utvalet ynskjer tilbakemelding om andre tiltak som ev. kan hjelpe økonomien til husa, t.d. felles forsikringsordningar, og om eller utleigeportal som Aktiv kommune kan vera aktuelt å ta i bruk?»*

Dette framlegget fekk positive tilbakemeldingar. Utvalet føreslår at felles forsikringsordning for sjølvige hus vert utgreidd av administrasjonen. Dette punktet er ein del av framlegg til vedtak i sak om frivilligpolitisk plattform. Etablering av ulike digitale portalar vil òg verta følgd opp.

#### **3.3 Prinsipp/modell for tildeling av kulturmidlar**

Eit sentral spørsmål, som det kom mange synspunkt på, er om det skal vera ein modell for å tildele kulturmidlar.

I gamle Sogndal var det slik at tildeling vart rekna ut etter ein sats per medlem, der det i intervallet 1-50 medlemmar var høg sats, i intervallet 51-100 medlemmar middels sats og for 101-200 medlemmar låg sats. Medlemstal ut over 200 medlemmar gav ikkje utteljing i modellen.

Fleire har uttalt seg kritisk til denne modellen. Fjordande grendalag skriv:

*«Små stader kan ha tilnærma 100% av borna som medlem utan at ein kjem over 15-20 stk. av den grunn.» Små lag har mest alle i si bygd og arbeidsmengda er den same.*

Utvalet meiner at denne modellen har sine føremoner. Fleire av innvendingane vil imøtekomast ved at utvalet føreslår ei ordning der kvart lag får eit grunntilskot, i tillegg til tilskot etter medlemstal. Med eit grunntilskot for alle lag kombinert med høg sats for dei fyrste 50 medlemmene, vil små lag få relativt høgare tilskot.

Eitt spørsmål som rådmannen må koma attende til er om noverande ramme for tilskot er stor nok, og korleis fordeling mellom dei ulike kategoriane skal vera. Etter framlegg frå rådmannen vart ramma for kulturtilskot redusert med kr 300 000 frå 2021.

#### **3.4 Avtale med faste tilskotsmottakarar – tilskot for fleire år.**

Fjellsportfestivalen tek til orde for at kommunen gjev tilskot for fleire år om gongen. Festivalen ynskjer og ein avtale med kommunen.

Utvalet er samd i- og stør festivalen sitt ynskje om føreseielege rammer, t.d. med ein avtale som dekker valperioden. Utvalet meiner i tilfelle at ev. slik avtale bør inngåast for Balejazz, Bokbyen, Bygdekinoen i Balestrand og Fjellsportfestivalen.

Rådmannen har ikkje merknader til dette.

### **3.6 Alkohol**

Det heiter under kategorien einskildarrangement – eller prosjekt «*Arrangement skal i all hovudsak vera alkoholfrie og ikkje profittbaserte*». Dette vert kommentert m.a. av Fjellsportfestivalen:

*Delar av Fjellsportfestivalen AS sine arrangement, vil inkludere alkoholserving. Dette er likevel ikkje hovudføremålet, hovuddelen eller ein strengt nødvendig del av arrangementet. Vi tenker likevel at det som er viktig er at arrangementet skal ha som hovudføremål å fremje «kultur, kunst, musikk, idrett, friluftsliv.»*

Utvalet har merka seg dette punktet. Problemstillinga gjeld òg andre liknande arrangement, som konsertar og festivalar. Slik retningslinene er utforma, vil ikkje dette hindra aktuelle festivalar å søkje- og få tildelt kulturmidlar, så lenge det heiter «i all hovudsak» i retningslinene.

### **3.7 Støtte til studentkultur**

*Velferdstinget Vest skriv:*

*«Slik retningslinjene i utkastet er utformet, gir de lite klarhet i hvor aktivitet for studenter hører til, og det gir dermed liten reell mulighet for å søke tilskudd til aktivitet/prosjekter som kommer studentene til gode.»*

Utvalet meiner at framlegga Velferdstinget tek opp, m.a. at studentaktivitet kan søkje kulturmidlar, må vurderast og avklarast gjennom ei eige studentmelding. Spørsmålet om kulturmidlar òg skal gjelde studentaktivitet må avklarast i ei ev. slik melding, og ev. takast med i ei revidering av retningslinene.

### **3.8 Ev. prioritering av helsefremjande tiltak og kva som ligg i kulturomgrepet.**

LHL Sogndal og Vik meiner at helsefremjande tiltak må få ein høgare prioritet når det gjeld tilskotskategoriar i retningsliner for kulturmidlar. Utvalet har ikkje teke direkte omsyn til dette, men vektlegg at det i alle saker vert utøvd skjønn. T.d. har kommunen tildelt større tilskot enn kva modellen omtalt i pkt. 3.3 tilseier, når det gjeld tilbod om bading i oppvarma basseng.

Ein anna innspel i same kategorien, er uttalen til Aktivitets- og friluftsrådet, som meiner at retningslinene er for fokusert på kultur som omgrep.

*«Rådet lurar på om dette er berre for vanlege kulturelle aktivitetar, slik at t.d. idrett og friluftsliv ikkje kan søke på desse kriteria? Dersom også idrett og friluftsliv kan søkja, må det stå tydeleg også. Dersom det er avgrensa til vanleg kultur, så er ordlyden ok og avgrensast til det. Konkretiser kva ein meiner er «allment kulturarbeid»*

Omgrepet kultur han ha ulike tydingar. Ofte vert dette avgrensa til kunst, musikk og litteratur. I denne samanheng nyttar vi det som er kalla eit utvida kulturomgrep, og då vil dei tiltaka aktivitets- og friluftsrådet omtalar vera søknadsgode.

### **3.9. NFU innspel om utanforskap og universell utforming.**

Norsk forbund for utviklingshemma i Sogndal og Leikanger(NFU) har eit innspel som tek opp at retningslinene må i større grad vektleggja tiltak som fokuserer på utjamning av utanforskap. Aktivitet som fremjar inkludering må premierast.

Dette punktet samsvarar med føremålet for kulturmidlane. Det er samstundes ei utfordring å fanga opp alt i retningslinene. Det vil òg utøvast skjønn. Slik vil tiltak som NFU omtalar bli vurdert særskilt.

NFU skriv vidare:

*«Kommunen i samarbeide med organisasjonar bør knytte til seg fag\ressurspersoner som kan nyttast til rådgivning i utforming og etablering av tiltak. Som t.d. paraiddrett og inkludering innenfor det ordinære tilbudet til organisasjonane .*

*Forslag om at kommunen\frivillighetsentral knytter til seg brukarrepresentantar som lag og organisasjonar kan nytte seg av. For eksempel for å auke kunnskap og fokus på universell utforming i aktiviteter og tilbud.»*

Sakshandsamar er litt usikker kva NFU legg i bruk av brukarrepresentantar. På generelt grunnlag vil byggesak ha kunnskap om universell utforming. Samstundes er det positivt om det kan etablerast ei ordning med brukarrepresentantar som rådgjevarar.

### **3.10 Vedtaksmynde - søknadsprosess**

Utvalet har ikkje gjort framlegg om kven som skal fatte vedtak etter desse retningslinene. Om ikkje anna vert vedteke, vil rådmannen følgje ordninga frå 2020, der administrasjonen fattar vedtak og der komité for samfunnsutvikling handsamar ev. klager.

I 2020 var det ingen klager på administrasjonen sine i overkant av 70 vedtak.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fleire av tiltaka har økonomiske konsekvensar.

#### Rettslege konsekvensar

Ikkje relevant.

#### Personalpolitiske konsekvensar

Saka har mange oppfølgingspunkt. Fleire krev utgreiingar. Dette kan føre til at svar på dei ulike punkta kan ta noko tid.

#### Plankonsekvensar

#### Klima- og miljøkonsekvensar

#### HMT

Ikkje relevant.

#### Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l

Vert omtalt.

### **4. Konklusjon**

Kommunen får gjennom vedtak i denne saka nye retningsliner for kulturmidlar. Dette etter eit grundig arbeid frå eit politisk utval, og med brei involvering få mange lag og organisasjonar.

Retningslinene vert no delt i fleire søknadskategoriar, og vil etter rådmannen sitt syn gje gode rammevilkår for både dei som søker om tilskot, og for dei som skal handsame søknadane.

Retningslinene må sjåast saman med den frivilligpolitiske plattformen, som no òg vert vedteken.